



Manger skule,  
Mangersnesvegen 21,  
5936 Manger.  
Tlf. 56 34 90 60  
e-post: manger.skule@radoy.kommune.no

## Referat foreldremøte 1.klasse

28.august 2017

**Elevane sitt skulemiljø.** Andrea informerte om at det har komen ei endring i opplæringslova kap. 9A, som handlar om at alle skal ha det trygt og godt på skulen. Ho viste ei lenkje der føresette kan finne informasjon om saksgongen dersom barnet deira ikkje har det bra. Sjå her for meir utfyllande informasjon:

<https://www.udir.no/nullmobbing/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>

**Timeplan.** Sjå vekeplan til eleven.

**Lekser.** Dette er ein god moglegheit for å følgje med på undervisninga i skulen. Viktig med gode lekserutiner frå start av. Skriv i meldeboka om de ikkje har gjort leksera.

### **Tips til kva foreldre/føresette hjelpe til med:**

Viktigaste støttespelarane skulen har når ein skal læra borna å lesa og skriva!

- Haldninga de har til lese- og skriveopplæringa vil smitta over på barnet.
- Les leksene saman med dei, leit etter bokstavar dei har lært eller kan. Snakk gjerne om bileta, då er det lettare at teksten gir mening.
- Finn ord som begynner på lyden/lydane dei har lært, sluttar på eller er inni ordet.
- Lag tøysevers med rim, bokstavbøker med rim!
- Lær dei ellingar/rim som de kan ☺
- Sporing av bokstavar på ryggen.
- Skriva handleliste.
- Les, leita etter og finna bokstavar på matvarer ved frukost- eller kveldsbordet.
- Les skilt når de er ute og køyrer.
- Les høgt for dei, fint som avslutning for dagen.

## **DIVERSE:**

### **Elevsamtalar**

Andrea har ein time i veka som skal brukast til samtale med elevane.

**ZIPPYS VENNER.** Eit program som skal læra borna å identifisera og snakka om kjensler og lære å meistra utfordringar og problem i kvardagen.

**Foreldresamtalar** To gongar i året; haust og vår.

**Byteklede:** Viktig at dei har tørre klede i korga, sjekk når de hentar eller leverer. Om borna kjem heim med våte klede, send med dei tilsvarande tørre plagg dagen etter.

**Uteskule:** Skor og klede etter vèret. Lurt med ein liten sekk dei kan ha maten og drikka i, barnehagesekken? Uteskule blir annakvar onsdag. Sjå oversikt delt ut på foreldremøte.

**Melding:** Bruk meldeboka. Skriv SMS om barnet er sjukt om morgonen, før 8.30.

Andrea 92650258. E.v.t. når de kontoret på tlf. 56349060

**Mobil/mobilklokka** er ikkje lov på skulen.

**Bursdagsbesøk/gåve.** Her hadde klassen ein rutine dei ønskte å halde fram. Det blei lagt fram eit forslag om 50,- i pengegåve, eller maks 100,- i presang. På skulen kan ein dele ut invitasjonar til bursdagselskap dersom det er til alle jentene, alle gutane eller alle i klassen.

**Klassekasse** Det blei einighet om å oppretta klassekasse. Gunn Christiansen Urhaug tok på seg ansvar for denne kontoen. I andre klassar har det vore vanleg å betale inn 200,- haust og vår. Desse pengane kan kontaktlærer bruke til å kjøpe inn diverse som klassen treng til døme på utedag eller anna. Kontonummer vil kome på Facebook-gruppa til klassen og på vekeplanen.

Klassekontaktar er Knut Tore Vangen og Stine Osa Dalland.

**Referent Ingrid Bø Marøy**